



Jan Martin, Anne Karin og Thea Ingebjerg foran den flotte bubilen og mor Borghilds hus sentralt i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er kanskje ikkje korrekt å kalla dei klimaflyktingar, men lærarparet Jan Martin Gjertsen (53, frå Uskedalen) og Anne Karin Johnsen (48, opprinneleg frå Trondheim) innrømmer at hvis dei kunne ha teke det spanske klimaet med seg, ville dei for lengst ha flytta heim att frå Spania. No er det ni år sidan dei vart ansatt ved Den norske skole i Costa Blanca.

- At vi framleis satsar på å bu og arbeida i Spania har mykje med klimaet å gjera. Der nede slepp vi å sjå skoddasom heng i Eikedalen, seier Jan Martin og skuar ut i det våte veret frå stova til mor Borghild.
 - Og så er det ljuset. I Spania er det inga mørketid, som det er i Uskedalen, legg Anne Karin til.
- Paret lovar å koma heim att for godt ein gong, sjølv om dei ikkje no veit eksakt når det kan skje.

Men perioder prega av heimlengt har dei tydelegvis hatt opp gjennom åra og har også gjeve etter for han. Jan Martin var heime att i skuleåret 2003/2004 og Anne Karin i skuleåra 2002/2003 og 2003/2004. Og kvar sommar er dei heime i fem-seks veker.

Men no er det noko nytt i ferievanane deira: Dei selde huset sitt i Halsabrotet i 2005 og kjøpte ein draum av ein bubil før dei drog ned att i fjor sommar. No er dei her att med den utruleg velutrusta Fiaten og kan ikkje få fullrost denne måten å ferdast på. Bilen har ein komfort over alle grensar.

Denne gongen la dei inn eit vekesopphald i England i heimferda. Ikkje rart at dei likar det landet, for det var der dei traff kvarandre for 27 år sidan!

Ellers er dei utdanna på Stord og i Levanger og i Kvinnherad har dei gjort lærarteneste fleire stader. Han har vore på Undarheim og både på ungdomsskulen og vidaregåande på Husnes. Ho har vore på Uskedalen, Malmanger og Bringedalsbygda skuler.

Paret har reist mykje, så å seia over heila verda. Etter nokre år fekk dei som så mange andre lyst til å freista noko heilt anna, og neste arbeidsplass vart den norske skulen i Alfaz del Pi, som ligg 10 minutters køyring frå Benidorm.

To av dei tre borna er allereie i gang med å løysa på banda frå Spania. Arild (21) går på BI her heime og Dag (16) dreg snart til Kansas City for å gå på high school. Berre Thea Ingebjørg (13) blir med attende til Spania der ho skal ta til på ungdomsskulen.

I Spania er dei i eit svært internasjonalt miljø. Det er mest engelskmenn der, men også mange nordmenn, tyskarar, franskmenn og hollendarar. Det er to norske skular og Jan Martin og Anne Karin er på kvar sin. Engelskmennene har også to og franskmennene ein og i tillegg kjem fleire internasjonale.

Nordmennene gjer seg gjeldande på forskjellig vis, ikkje minst i samband med 17. mai då til og med ordføreren stiller opp og held tale. Men ellers er ikkje sambandet mellom nordmenn og spaniolar spesielt intimt. Vertsfolket er litt skeptisk til alle utlendingane og familien frå Uskedalen har ingen nære, spanske vener.

- Det har også mykje med språket å gjera, for sjølv om snakkar spansk opp til eit visst nivå er vi ikkje særlegflinke fordi vi omgås nordmenn heile dagen. Stutt sagt så lever vi norsk – i Spania!

- Kva så med Uskedalen – er det nokon forskjell frå år til år?

- Det er sjølv sagt ein utvikling, men vi ser ikkje så stor skilnad frå år til år. Difor fell vi snart på plass når vi kjemhit på ferie. Både vi og ungane har mange gode vener i Kvinnherad og ser kvart år fram til å treffa dei att.

Av Ola Matti Mathisen



Jan Martin hadde eit hardt fotballmøte med tiandeklassingane sine før han drog frå Spania og må feriera med gipsa fot heime i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)